



Trond Moberg
Alverneset 24
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4473 - 14/11935

Saksbehandlar:
Torunn Keilegavlen
Torunn.Keilegavlen@lindas.kommune.no

Dato:
19.05.2014

Førebels melding om motteken byggjesak. FVL § 11.

Kommunen har motteke din søknad av 15.05.2014, gbnr 58/147.

I det vidare blir det gjort greie for lovpålagte tidsfristar og generell sakshandsaming for byggjesaker.

Kommunen sine tidsfristar

Plan- og bygningslova har sett fristar for kor lang tid kommunen kan bruka på å gje svar på ein del søknadstypar. Hovudregelen er at kommunen må følgja fristane, likevel slik at ny frist skal setjast dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tid det eventuelt tar ansvarlig søker/ tiltakshavar å komplettere saka må derfor leggjast til den venta sakshandsamingstida.

Sakstype (jf. plan- og bygningslova)	Vilkår	Frist
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett		12 veker
§ 20-2 Søknad utan ansvarsrett		12 veker
§ 20-1 Søknad med ansvarsrett § 20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Dersom vilkåra for 3 vekers sakshandsaming er til stades Jf. PBL § 21-7	3 veker
§ 20-2 Søknad med eller utan ansvarsrett	Der søknaden krev dispensasjon frå gjeldande arealplan	Ingen lovpålagt frist
Igangsettingsløyve		3 veker
Ferdigattest	Naudsynt dokumentasjon	3 veker
Mellombels bruksløyve		3 veker
Klage (kommunen sin oversending)		8 veker
Klage med utsett verknad (fylkesmannen si avgjerd)		6 veker



Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad, vert denne tida lagt til ovannemnde fristar.

Sakshandsaming i kommunen:

Kommunen vil gå gjennom dei innkomne dokumenta. Er saka fullstendig, vert det gjort vedtak. Dersom dokumenta har manglar, vert ansvarleg søkjar / tiltakshavar tilskriven om dette. Er saka så mangelfull at ho ikkje kan supplerast og handsamast, vert ho returnert.

For søknad etter § 20-1 og § 20-2:

Dersom kommunen ikkje har gitt løyve eller samtykke innan 3 veker etter at fullstendig søknad er motteken, kan arbeidet setjast i gang sjølv om det ikkje er gjort vedtak. Dette gjeld dersom vilkåra i § 21-7 (2) er stetta.

Føresetnaden for å kunne starte opp byggjearbeidet er at krava i plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner er oppfylt. Igangsetjing av arbeid før det føreligg skriftleg løyve/samtykke skjer difor på eige ansvar.

Presisering:

Fleire byggjesaker er avhengig av at det er gjeve løyve til vatn, avlaup og avkjørsle. Når desse tilhøva ikkje er avklara formelt, gjeld ikkje 3 veker frist.

Gebyr:

Handsaming av søknad er gebyrbelagt. Når saka er ferdighandsama vert gebyr fastsett i samsvar med gjeldande gebyrregulativ vedteke av kommunestyret.

Fristen for nedsetjing av gebyr gjelder berre 12 vekers saker, der tiltaket er i samsvar med plan.

Opplysningar om sakshandsamingsreglar finn du også på www.dibk.no. Nærare opplysningar kan du få på Areal- og miljøeininga.

Med helsing

Torunn Keilegavlen
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

